

Opningstider:

Teamet arbeider måndag-fredag 08.00-15.30.
Behandlinga tek utgangspunkt i pasienten sine behov.
Det kan gjerast avtalar utanom desse tidene.

ACT-team Sunnmøre
Langelandsvegen 17
6010 Ålesund

Tlf. kontor: 95 25 34 13
Teamkoordinator: 95 25 34 14

ACT-team**Sunnmøre****Assertive Community Treatment****Sunnmøre**

Kven kan dra nytte av ACT-team?

ACT-team Sunnmøre er oppretta som eit behandlingstilbod for personar på Nordre Sunnmøre med ein psykoseliding eller der det sjåast teikn til ein slik diagnose. I tillegg til dette kan ein i nokon samanhengar sjå at personane har utfordringar i forhold til kvar dagens praktiske og sosiale aktivitetar som kan vere med på å setje grenser for livsutfolding.

ACT-team gjer det meste.

ACT-team er eit mobilt behandlingsteam som gir eit heilskapleg behandlingstilbod.

Det innebere at vi lyttar til dine mål, ynskje og behov – og samarbeider med andre i hjelpeapparatet slik at du skal få eit best mogeleg tilbod.

ACT-team bidreg til:

- At du skal få så bra livskvalitet som mogeleg.
- At du skal få ein meiningsfull kvar dag i ditt eige nærmiljø.
- Yte bistand slik at du kan få større utbytte av eit sosialt liv.
- Å betre utnytte det eksisterande hjelpeapparatet.
- Å auke sjølvrealiseringss- og funksjonsevna.
- Å styrke pårørande eller andre støttepersonar når det er mogleg

Dette er ein del av ACT-modellen.

Kva har vi fokus på?

Vi baserer oss på hyppig oppsøkjande verksemeld og legg vekt på at kontakten skal halde fram over lang tid.

Dette inneber:

- Kontaktetablering på dine premisser
- Psykoedukasjon – læra om eigen sjukdom.
- Familie- og nettverksstøtte.
- Meiningsfull sysselsetjing, arbeid og fritid.
- Integrert behandling av rusrelatert liding ved behov.
- Rehabilitering med fokus på symptomlindring og om naudsynt medikamentell behandling.
- Støtte til gjennomføring av daglege gjeremål, som innkjøp, ivaretaking av bustad, økonomi og liknande

Kven jobbar i ACT-team

Teamet er samansett av personar som innehavar ulike helsefaglege utdanninger. Her kan nemnast psykiater, psykiatrisk sjukepleier, ruskonsulent, sosionom og merkantilt tilsett.

Tilvising:

Alle kan ta kontakt med ACT-team for drøfting og rettleiing. Ein søknad krev av formelle grunnar ei legetilvising.